



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

Vegnamn på Haddland, Djupedalsvegen

Vedlegg


- 1 Vinje kommune – namn på tre vegar i Rauland – tilråding.pdf
- 2 Vinje kommune – namn på tre vegar i Rauland – brevet frå kommunen.pdf

Bakgrunn

Det er behov for nye vegnamn på Haddland i Rauland. Kommunen har fått framlegg til tre nye vegnamn frå grunneigar, og desse vart sendt til Språkrådet 09.05.25 for vurdering av skrivemåte.

Språkrådet sendte si vurdering 27.05.2025. På to av vegnamna har Språkrådet tilrådd Kartverket å opprette namnesak, sidan naturnamnet dei er oppkalla etter ikkje har ein fastsett skrivemåte. Desse namna er *Vesthaddin* og *Ævongsli*. Desse vegnamna kan kommunen ikkje gjera vedtak om før namnesak på naturnamna er avgjort, og desse vil bli tekne att opp i ei eiga sak når dette er klart.

Namnet på den tredje vegen, *Djupedalsvegen*, hadde Språkrådet ingen merknader til, og denne kan dermed vedtakast som vegnamn.



Figur 1. Utsnittet viser reguleringsplanane Nordtunlii 137/2, Nordtunbakkan 137/2 og Gang- og sykkelveg på Haddland.

Vegen markert i raudt i figur 1 har fått framlegg om vegnamnet *Djupedalsvegen*. For vegane markera med svart og blått må namnesaker fyrst avgjerast.

Kommunedirektøren rår til å vedta vegnamnet *Djupedalsvegen*.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Jf. stadnamnlova § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje, Telemark § 2, vedtek Plan- og miljøutvalet vegnamnet *Djupedalsvegen*. Kommunen syter for oppsetting av vegnamnskilt. Kommunestyret har vedteke føresegnar om oppsetting og kostnad for husnummerskilt. Kommunen kjøper inn husnummerskilt og sender dette ut til alle husstandar. Kvar huseigar må sjølv setje opp skiltet.